

Møte for lukkede dører, Stortinget 27. januar 1938

Møte for lukkede dører i Stortinget
den 27. januar 1938 kl. 10.00

President: Hambro.

Dagsorden:

1. Innstilling fra finans- og tollkomiteen om tollforandring for friske vindruer og pærer. (Innst. S. A.).
2. Utenriksministeren vil gi utenrikspolitiske meddelelser.

Efter forslag av presidenten besluttedes enstemmig:

1. Møtet holdes for lukkede dører.
2. Regjeringens medlemmer og de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer gis adgang til møtet.
3. Utenriksråden, ekspedisjonschef Smith, og byråchefene Tostrup og Rolf Andersen får adgang til å overvære møtet.

Presidenten: Representanten Hambro som har vært permittert, har igjen tatt sete.

Sak nr. 1.

Innstilling fra finans- og tollkomiteen om tollforandring for friske vindruer og pærer. (Innst. S. A.).

Komiteen hadde innstillet:

Fra den tid Kongen bestemmer, skal den gjeldende tolltariffs poster "Frukter 1. b. og d." samt § 5, 2net avsnitt i tolltariffens innledende bestemmelser lyde således:
Frukter 1. b. vindruer 1 kg. kr. 0,02

Tara: Fustasjer og kasser 33 pct.

Anm: Vindruer inngår i tiden mars til og med juli mot en toll av kr. 0,01 pr. kg.

Frukter 1. d. epler og pærer:

1. i tiden fra og med 1. august til og med 15 mars 1 kg. kr. 0.40
2. i tiden fra og med 16. mars til og med 31 juli:
 - a. epler 1 " " 0.20
 - b. pærer 1 " " 0.10

Anm: Tolldepartementet kan i særlige tilfelle bestemme, at tollen for epler og pærer i tiden fra og med 1 august til og med 15 mars opkreves med kr. 0.20 pr. kg.

§ 5, 2net avsnitt.

Av følgende varer blir dog innførselstollen å beregne med vedføiede prosenter:

Av epler

i tiden fra og med 1 august til og med 15 mars:

i fortollet stand	50 %
i ufortollet stand	100 %

Møte for lukkede dører, Stortinget 27. januar 1938

i tiden fra og med 16. mars til og med
31 juli:

i fortollet stand	33 1/3 %
i ufortollet stand	50 %

Av pærer

i tiden fra og med 1. august til og med
15 mars:

i fortollet stand	29 %
i ufortollet stand	40 %

i tiden fra og med 16. mars til og med
31 juli:

i fortollet stand	9 %
i ufortollet stand	10 %

Av kaffe o.s.v. (som nu).

Votering:

Komiteens innstilling bifaltes enstemmig.

Sak nr. 2.

Utenriksministeren vil gi utenrikspolitiske meddelelser.

Statsråd Koht:¹ Eg har bede om å få dette høvet til å leggja fram for Stortinget ymse faktiske opplysningar som eg ikkje godt kan tala om for opne dører, men som kan vera nyttige for Stortinget å ha kjennskap til når det skal dryfta utanrikspolitiske spørsmål. Eg går ut ifrå at eit ålement ordskifte om utanrikspolitikken vår må bli ført for opne dører, og det er ikkje tanken min å innby til noko slikt idag. Det er berre nokre einskilde spørsmål som eg tykkjer det er turvande på fyrehand å gjeva opplysning om.

Fyrst vil eg då greia noko ut om Bryssel-konferansen i november som var, og om korleis det japansk-chinesiske spørsmålet då låg fyre. Når Noreg var innbede til å vera med i denne konferansen, so var det, som Stortinget veit, for di Noreg i 1925 hadde gått med på Washington-avtalen frå 1922 om China, den avtalen som vanleg blir kalla nimakt-avtalen for di han frå fyrsten vart gjort upp millom ni statar: dei Foreinte Statane i Amerika, Belgia, Stor-Britannia, China, Frankrike, Italia, Japan, Nederland og Portugal. Det kan vel vera tvilsomt om ein i Noreg hadde fullt oversyn over kva pliktene etter denne avtalen kunde føra med seg den gongen regjeringa vår gjorde vedtak om å skriva under. Det som ho vel fyrst og fremst la vekt på, det var at avtalen sette upp grunnsetninga om "open dør". Men avtalen la dessutan på underskrivarane ein skyldnad til å hjelpa China med å halda uppe ei "stødig og kraftig regjering", og det var denne skyldnaden det vart krav på då Japan tok til å senda hærmakt inn i China i juli i fjar. Vi kan vel no segja at vi vilde i denne situasjonen ha vore glade om vi hadde halde oss utanfor avtalen; for den skyldnaden det her vert spørsmål om, høvde ikkje for ein små- stat som Noreg. Men

¹ Herfra gjengitt etter stensil.

Danmark og Sverige hadde gått med, dei og, so dei var for so vidt i same stoda. Og dei vart då og bedne med i Bryssel-konferansen.

Etter ni-makt-avtalen var alle underskrivarane pliktige til å byta ut meiningar med kvarandre om situasjonar som kunde gjera det naudsynt å setja traktatplikten i verk. Men det stod ikkje noko serskilt om at dei då skulde møtast i samla konferanse, og eg må segja at eg for min part var mest huga på at vi skulde svara nei-takk til innbjodinga til Bryssel; det hadde ikkje vore so vanskeleg å gjeva grunnar for det. Eg meinte at om vi tok sess i slik ein konferanse, so vilde det ikkje bli lett for oss å halda oss fri for dei konsekvensane som då vilde melda seg, og segja nei til tiltak som vi kanskje slett ikkje hadde hug til å vera med på. Eg må vedgå at eg alt på fyrehand hadde ei sterk mistru til stormaktene at dei vilde gjera upp politikken sin berre etter omsyn til sine eigne maktinteresser, og at vi små-statane måtte nøgjast med å gjera teneste for dei: Hendingane i Etiopia-konflikten hadde styrkt denne mistrua mi, og eg hadde sett altfor mykje av same interessepolitikken fyrre gongen det var strid millom China og Japan, i Mansjukuo-konflikten 1932. Eg hadde inga lyst til at Noreg skulde bli blanda upp i ein politikk av same slaget.

Eg la desse tankane fram for både den danske og den svenske regjeringa straks same dagen vi fekk innbjodinga til Bryssel-konferansen - det var den 11 oktober. Men både i Danmark og i Sverige meinte dei at dei var nøgde til å taka imot innbjodinga, serskilt kanskje for di ho var utsend etter eit vedtak i Folkesambands-forsamlinga. Noreg kunde ikkje då godt åleine halda seg utanfor, og soleis kom Noreg og med i konferansen.

Sjølve konferansen satt samla i Bryssel frå 3 til 24 november. Det som vart vedteke der, vart straks kunngjort for ålmenta, so eg skal ikkje taka det uppat her. Eg skal berre minna om at Noreg - i lag med Danmark og Sverige - var med på den uppmaninga som konferansen fyrst gjorde vedtak om å senda til Japan, om at dette landet måtte bli med på konferansen og dryfte den venskaplege midlinga som var formålet for konferansen. Japan sa nei som det fyrr hadde gjort, og so kom då spørsmålet om kva meir konferansen burde gjera. Dette fekk - på ein måte - svaret sitt i det vedtaket konferansen gjorde den 15 november. Det var ein deklarasjon som klårt og greitt avdømde den japanske voldsferda og heldt fram at striden millom partane burde bli løyst med midling. Til slutt heitte det i deklarasjonen at om so dei statane som var samla i Bryssel framleis vona på at Japan ikkje vilde halda fast på avslaget sitt på slik ei midling, so måtte dei då tenkja etter kva for eit sams standpunkt dei vilde taka til situasjonen om Japan endå nekta.

Dette vedtaket vart gjort imot ei røyst (Italia). Men ombodsmennene for dei tri nordiske statane let vera å røysta, og dei gav serskilde fråsegner om kvifor dei let vera. Om desse fråsegnene har det stått ulike og urette meldingar i blada, og eg skal difor her gjeva dei att i full ordlyd.

Den svenske ombodsmannen sa:

"Ingen kan vera meir lei enn den svenske regjeringa for at dei midlingstiltaka konferansen har gjort endå ikkje har

havt nokon verknad. Etter dette er fastslege, meiner regjeringa mi, som er samd i prinsippa i deklarasjonen, men som ikkje har dei same interessene i Fjern-Orienten som visse andre makter, at ho bør halda seg ifrå å røysta om fyrelegget."

Den norske ombodsmannen, utanriksråd Aubert, sa:

"Den norske regjeringa har teke imot innbjodinga til denne konferansen for di ho gjerne vilde hjelpe so langt det var mogleg til å greia konflikten i Fjern-Orienten med fredleg midling. Ingen er meir lei enn mi regjering for at arbeidet å konferansen endå ikkje har ført til noko resultat. Eg er heilt einig i dei prinsippa som ligg til grunn for den deklarasjonen som er framlagt for oss, og eg torer vona at det endå skal vera mogleg å koma fram med midling til å løysa konflikten med grunnlag i desse prinsippa. Men med di eg held meg til den fråsegna eg gav den 13 november, tykkjer eg det er høveleg at eg held meg ifrå å røysta."

Det som Aubert hadde sagt den 13 november då fyrelegget til deklarasjonen fyrst vart dryft, det lydde soleis:

"Den norske delegasjonen segjer frå om at med di dei skiftande norske regjeringane utan skilnad på politisk farge alltid har halde på fred og rett millom nasjonane og på at stridsspursmål skal bli løyst med fredleg forhandling, so kan det ikkje vera nokon tvil om koss mi regjering står til ynsket om å få nytta fredlege råder til å løysa den striden vi no syslar med. Eg er då lei for at konferansen endå ikkje har kunna nå fram til noko praktisk resultat. Den norske regjeringa vil stø alle tiltak som ein kan freista på til å få gjort ende på konflikten med midling. Men den norske delegasjonen må taka eit etterhald til det framlegget som no ligg fyrre for so vidt det skulde vera mogleg å tolka dette framlegget på den måten at det kan føra fram til tiltak utanfor råma for konferansen slik som ho er uppdregen i sjølve innbjodinga." (I innbjodinga var det berre tale om å få løyst konflikten med ei semje.)

Endeleg sa den danske ombodsmannen i vedtaks-møtet den 15 november: "Eg ynsker å få segja meg samd i dei fråsegnene som no er gjevne av ombodsmennene for Sverige og for Noreg. Mitt land er like eins leitt for at freistnadene på midling har stranda, og eg har same vona om at det endå skal vera mogleg å nå fram til ei løysing med midling. Av liknande grunnar som dei skandinaviske kollegane mine vil eg like eins halda meg ifrå å røysta om teksten i den framlagde deklarasjonen, men eg er heilt einig i dei prinsipper han inneheld."

Avgjersla om å halda seg ifrå å røysta vart teken etter samråd millom dei tri nordiske regjeringane. Dei var elles ikkje frå fyrsten heilt samde om framgangsmåten. Den danske regjeringa vilde helst at vi alle skulde røysta for deklarasjonane, men taka eit etterhald med omsyn på den aksjonen som han peikte fram imot. Utanriksminister Sandler og

eg var einige om at deklarasjonen berre ville bli endå veikare enn han alt på fyrehand var, om vi skulle segja at han ikkje batt regjeringane til noko slag aksjonsplikt; vi meinte både to at det var betre å halda seg ifrå å røysta. Sandler hadde elles den tanken at ein kunde gjera framlegg om å taka ut ordeklarasjonen ordet "sams" om det standpunktet eller den aksjonen det var peikt på, og at ein då kunde røysta for han. Men for min part tykte eg ikkje det kunde gjera nokon nemnande skilnad om dette ordet gjekk ut. Og endskapen vart då at dei to andre fylgde den lina som eg heldt på.

Eg veit at då vi stod framfyre denne avgjersla i Bryssel, var det andre òg som tok til å tenkja at det hadde vore betre om landa våre slett ikkje hadde vore med på konferansen. Det var berrsynt nok at det var mykje vandare no å bli ståande utanfor vedtaket der. Folk hadde lettare kunna skyna at vi heldt oss burte frå møtet enn at vi no let vera å røysta for det som dei fleste andre var med på. Men etter mi meining var dette no den einaste utvegen. Eg hadde inga tru på at dei andre meinte noko ålvorleg med det trugsmålet som kom til slutt i deklarasjonen, og eg så ingen vinning i å vera med på ein tom deklarasjon. Skulde stormaktene likevel koma til å gripa inn, var eg viss på at dei då berre ville tenkje på å verja sine eigne interesser, og eg ynskte ikkje at Noreg skulle bli part i ei eller anna interessegruppe.

Stortinget har kanskje lagt merke til at grunngjevinga for dei nordiske fråsegnene er noko ulik for kvart land. Den svenske fråsegna peikte på dei små interessene Sverige hadde i Aust-Asia, og den danske fråsegna har på ei vis gjort desse orda til sine, med di ho sa seg einig i det som var sagt frå både svensk og norsk side. Men den norske fråsegna nøgdest med å peika på at vi var innbedne til Bryssel til å dryfte fredsrådgjerder, og anna vilde vi ikkje vera med på heller. Eg trur dette var det sterkeste standpunktet; det heldt seg til den reine retts- og fredspolitikken og blanda ikkje inn interessespørsmålet.

Den trua eg hadde hatt på fyrehand, at det i røynda ikkje ville bli spørsmål om nokon sams aksjon, fekk no fort offentleg stadfesting. Ni dagar etter deklarasjonen frå 15 november slutta Bryssel-konferansen dryftingane sine med ei lang fråsegn som uttala eit fromt ynske om fredleg løysing på konflikten og som sa at no fekk regjeringane få tid på seg til å søkja etter fredlege tiltak for dette formålet. Det var alt som konferansen førde til.

No kunde vel einkvan spørja - og eg har spurt meg sjølv om det - om det kanskje hindra stormaktene i å semjast om ein aksjon, at desse tri nordiske statane ikkje ville røysta for vedtaket. I seg sjølv vilde det no vera å tilrekna våre tri land altfor stor makt i den millomfolkelege politikken, om vi vilde tru at stormaktene heldt seg ifrå ein aksjon berre for di vi ikkje ville vera med. Men eg kan no dessutan fortelja at eg etterpå har fått opplysningar som tydeleg viser at stormaktene alt fyre konferansen i Bryssel hadde dryft spørsmålet om ein aksjon mot Japan, men dei vart ikkje samde - so det er klårt nok at mistrua mi til viljen deira var rett.

Dette var det som eg vilde gjera greie for om China-Japan-konflikten og om det norske standpunktet frå Bryssel-

konferansen. Eg skal no gjeva nokre opplysningars om ei serskild side av tilhøvet vårt til Tyskland i dei siste månadene.

Den 4 juni i fjar hende det at det tyske utanriksdepartementet gav melding til den norske legasjonen i Berlin om at føraren og rikskanslaren hadde teke den avgjersla at no for det fyrste skulde tyske borgarar ikkje få lov å taka imot norske ordenar, og at tyske ordenar ikkje måtte bli gjevne til norske borgarar. Grunnen til denne avgjersla - det vart straks sagt ifrå - låg i Ossietzky-saka - det at den norske Nobel-komiteen i november 1936 hadde gjeve fredsprisen til den tyske fredsvenen Carl v. Ossietzky.

Den norske sendemannen peikte med ein gong på at slik ei avgjerd som denne tyske hadde eit politisk innhald, sidan det var statschefane som esla ut ordenar - det sa han frå om same dagen i det tyske utanriksdepartementet. For min part kalla eg den tyske sendemannen i Oslo til meg den 9 juni og sa til han at det som den tyske kanslaren no hadde gjort, ikkje kunde bli teke annleis enn som ei krenking imot den norske kongen, og at det dessutan måtte vedrøra det politiske tilhøvet millom dei to regjeringane. Eg heldt fram for han på nytt det som eg hadde sagt han meir enn ein gong fyrr, at den norske Nobelkomiteen var heilt sjølvstendig i avgjerslene sine og svara ikkje for dei korkje for Stortinget eller Regjeringa. Dessutan peikte eg på kor venskapleg dei norske statsmaktene gong på gong hadde synt seg mot Tyskland både i politikk og i handel, so det var ille at Tyskland no skulde skippla det gode tilhøvet.

Den tyske sendemannen kunde ikkje segja stort til dette; det var klårt nok at han sjølv tykte saka var pinleg. Men han bad om ikkje eg kunde segja offentleg det som eg hadde sagt til han, om at Regjeringa ikkje hadde noko ansvar for fredsprisen. Og eg nemner med det same det som Stortinget kanskje hugsar, at då reglane for Nobelkomiteen var framme til dryfting her den 24 juni, sa eg ifrå om at Regjeringa - sjølvsagt - stod utanfor alle avgjerder om fredsprisen, anten det galldt Ossietzky eller andre.

Når meldinga om at Tyskland braut det ein kallar dekorasjons-samkvemmet med Noreg, kom nett no i fyrstninga av juni 1937, so var det for di dei då nyst hadde gjort vedtak om å setja skipnaden med ordensdekorasjonar på fot att der i landet. Men i røynda hadde dei gjenomført sjølve tingen alt på fyrehand. Den norske Kongen hadde 24 desember 1936 gjeve St. Olavs orden (kommandørkrossen) til professor Engel i Giessen, han som bl.a. hadde gjeve ut dei matematiske verka etter Sophus Lie. Den tyske regjeringa hadde i fyrevegen gjeve samtykket sitt til at hr. Engel skulle få denne ordenen, og dekorasjonen vart framsend til det tyske utanriksdepartementet den 18 februar 1937. Men der vart han liggjande; han kom aldri til professor Engel. I sju andre tilfelle, frå 1 desember 1936 til 17 april 1937, hadde legasjonen i Berlin sendt fyrespurnad til det tyske utanriksdepartementet om det vilde gjeva samtykke til at tyske borgarar fekk St. Olav; men departementet hadde aldri svara.

Det endeframme brotet kom no i juni i fjar, og i den diplomatiske verda i Berlin måtte det straks bli kjent at her var eit brot. For då tyske ordenar for fyrste gong på lenge vart esla ut i dei aller fyrste dagane av juni (fyre 4 juni),

so vart det avgjort at dei to elste av ambassadørane og dei to elste av ministrane i Berlin skulde bli dekorert. Men endå den norske ministeren der var den elste, so vart han sett til sides, og ordenen vart gjeve til dei to næste, den danske og den egyptiske. Det var greitt nok ei uvenleg framferd.

Eg vil nemna at spørsmålet om koss vi på norsk side skulde take desse krenkingane vart dryft i den samlinga av norske sendeminner som eg hadde her i Oslo i dei siste dagane av juli. Meiningane der var noko ulike. Sendemannen vår i Berlin meinte at vi skulde låst som ingenting og ikkje bry oss om det som tyskane soleis hadde stelt til. Ein annan av sendemennene tykte at krenkinga var so upplagt so det rette vilde ha vore at vi kalla sendemannen vår heim ifrå Berlin, og let legasjonen bli styrd av ein charge d'affaires. For min part tok eg eit millomstandpunkt - og eg trur nok dei aller fleste av sendemennene var einige i det - at vi skulde halda uppe alt samarbeid og samkvem med Tyskland i alt som galdt realitetar og alt som høyrd med i eit korrekt officielt tilhøve, men ikkje gå lenger heller, so vi soleis skulde halda oss tilbake når det var spørsmål om venskapsformer utanfor ålmenn diplomatisk plikt.

I samsvar med dette standpunktet hadde eg den 8 juni telegrafert til legasjonen i Berlin at han skulde svara nei-takk på innbjodinga til Nordische Gesellschaft i LÜbeck midt i same månaden. Dette Nordische Gesellschaft er ein privat samskipnad - for so vidt som ein kan tale om private samskipnader i Tyskland i våre dagar. Det har møte kvart år i LÜbeck, og i dei tri-fire siste åra har dei nordiske legasjonane i Berlin vore innbedne dit. I 1935 møtte då den norske legasjonen, og den norske sendemannen var jamvel "protektor" for ein nordisk musikkfest som selskapet det året fekk i stand. Men so hadde vi den leie upplevelinga, at då Norsk Komponistforening etter innbjoding hadde valt representantar til denne musikkfesten, so fekk vi varsku om at ein av dei ikkje ville vera velkommen for di han - etter som det vart sagt - ikkje var heilt arisk, kona hans jamvel rein jøde. Slikt var ikkje bra for oss å måtte tola; det synte seg på den måten at dei på tysk side vilde bruke censur på dei som vi ville senda til desse møta. Og vi kan no ikkje vera blind for heller at Nordische Gesellschaft i stor mun er tenkt til reidskap for nazistisk propaganda. Det næste året, i 1936, let eg difor legasjonen i Berlin svara at han ikkje hadde høve til å møta fram. Og no i 1937 var det mest sjølvsagt at vi svara nei-takk. Eg trur no ikkje heller nokon kan segja at det skulde vera ein skyldnad for oss å vera officielt representert i slikt eit selskap.

So fekk vi i august i fjar den vanlege innbjodinga til legasjonen om å vera med på den nasjonalsocialistiske partidagen i NÜrnberg i september. Frå fyrsten var det berre nokre få framande legasjonar som hadde møtt fram på desse partimøta. Men etter kvart hadde det vorte fleire, soleis rett mange i 1936. Og sendemannen vår i Berlin melde no i 1937 at venteleg dei aller fleste legasjonane vilde møta. Eg kunde likevel ikkje rekna dette for diplomatisk plikt. Eg veit nok at partiet i Tyskland er noko anna enn i dei fleste andre landa, men ein endefram statsinstitusjon er det då ikkje. Eg har høyrt

det har vore sagt at den norske legasjonen i Moskva møter fram på dei kommunistiske landsmøta der burte; men eg har røkt etter dette, og det er slett ikkje tilfellet. Det skulde heller ikkje vera noko brot på korrekt diplomatisk samkvem at vi heldt oss burte ifrå den tyske partidagen dette året likso vel som alle åra fyrr, og soleis som dei fleste andre legasjonane hadde gjort heilt fram til 1936. Eg let då legasjonen svara at han dess verre var hindra ifrå å koma til møtet dette året. Det hadde kanskje ikkje vore so hyggeleg heller for ein norsk ombodsmann å sitja på denne partidagen; for der hadde han mått høyra på at ein av dei officielle talane hadde ein kvass brodd mot Noreg for Ossietzky-saka. Men avslaget var i det minste so høfleg som det kunde vera, og det tok ikkje noko standpunkt for dei åra som kjem.

Eg har i det heile gjort alt det eg kunde til å hindra at brotet i dekorasjonssamkvemmet skulde vida seg ut og draga anna etter seg. Fyrst og fremst har eg late vera å la det bli kjent at den tyske regjeringen hadde krenkt oss på denne måten, og eg har utan motmåle late ymse norske blad kasta sig over meg for di eg ikkje let legasjonen vår møta i Nürnberg; eg tenkte det var betre at dei slo laus på meg enn at dei skulde koma til å nyutta altfor harde ord imot Tyskland. Det var fyrst no for vel fjortan dagar sidan, då eit stort blad her i Oslo skreiv at avslaget til Nürnberg var ein utvilsom "fornermelse" mot Tyskland, at eg let pressa i strengt trumål få kunnskap om den rette samanhengen; for eg vart redd at når eit norsk blad, hovudorganet for eit stort parti, beint fram tok standpunkt for Tyskland mot Noreg, so vilde det bli vandare å få den tyske regjeringa til å gå tilbake frå avgjerda si.

So har eg, som eg alt har nemnt, sagt offentleg ifrå her i Stortinget at dei norske statsmaktene ikkje har hatt noko å gjera med Ossietzky-saka. Eg har ikkje freista halde nordmennene tilbake frå møter i Tyskland, og eg hindra ikkje Universitetet frå å la seg representera på universitetsfesten i Göttingen. Eg har ein gong i haust late legasjonen i Berlin bera fram ei takk til den tyske regjeringa for di ho so fort hadde fått i stand ei lov om kvalfangst-regulering i samsvar med avtalen frå London i sumar. Det var ikkje turvande å takka for dette, men vi gjorde det likevel. No nyleg har eg gått med på å draga tilbake ein søknad om eksekvatur for ein ny norsk konsul i Dresden som dei tyske myndighetene ikkje var nøgd med, endå dei ikkje hadde noko serskilt å klaga på han for. Soleis har eg på alle måtar synt at vi i Noreg ikkje ynsker nokon uvenskap med Tyskland. Og i alle reelle spørsmål har eg ikkje merka noko til at nokon ting har skakka i tilhøvet millom dei to landa eller dei to regjeringane.

Eg har tenkt å fylgja same politikken frametter. Det har ikkje skorta på freistnader på å få den tyske rikskslaren til å skyna at han har gjort noko mot Noreg som han burde sjå til å få gjort om att. Men so lenge krenkingsvedtaket hans står ved lag, so kan ikkje vi på vår side stilla oss annleis. Vi har ei ære å verja om, vi òg.

Eg kjem no fram til eit spørsmål av eit heilt anna slag - tilhøvet til den parten av Spania som opprørshovdingen frå 1936 general Franco har fått lagt under seg. Eg vil for stuttleiken kalle det Franco-Spania.

Upprørsregjeringa har i dette halvt-anna året som borgarkrigen har stått på, gjort stor skade på den norske handelen og skipsfarten på Spania. Eg skal ikkje greia ut dette i det einskilde her; det viktigaste står i den stortingsmeldinga eg la fram i fjar om dei spanske spørsmåla (St.Meld. nr. 37 - 1937). Til aller sist, no den 10 desember som var, har upprørsregjeringa forkjnt full blokade imot heile den parten av Spania som ho ikkje har fått herredømet over, og i hovudsaka har ho greidd å gjera denne blokaden effektiv, om ikkje for anna so for di både hyre og trygdingspremie har vorte so høg for farvatna på den kanten. Upprørsregjeringa rår no for ein god mun meir enn halve Spania; og innanfor dette området sitt har ho full styringsmakt. Serskilt greier ho der fullt ut med skipsfart og utanlandshandel, og dette har fått svært mykje å segja for Noreg sidan ho i fjar haust la under seg alle sjøbyane på nordsida. Det har synt seg at både handelen og skipsfarta vår på Franco-Spania har gått sterkt tilbake i dei siste månadene, og i det siste halve året har det kome fullt med klager og krav til Utanriksdepartementet, at no måtte Regjeringa gripa inn og hjelpa.

So lenge borgarkrigen har stått på, har all handelen med Franco-Spania vorte greidd anten med kompensasjonsforretningar eller - i noko mindre mun - mot betaling i reide pengar. Vi har ein clearing-avtale med Spania frå juni 1936, og med grunnlag i den vaka so clearing-nemnda over handelen med Franco-Spania og, om det so her i praksis ikkje kunde bli spørsmål om uppgjerd over clearing. Men clearing-nemnda vart då var at vi slett ikkje alltid fekk selt til Franco-Spania dei varene vi helst vilde av med, og at dei ulike norske næringsgreinene tevla med einannan og gjekk i vegen for einannan når det galldt om å få i stand kompensasjonsforretningar. Clearing-nemnda kom difor til å beda Regjeringa om å taka hand om desse spørsmåla, so ikkje handelen på Spania skulde koma reint på villstyr. Ei norsk hovudvare som klippfisk gjekk det heller lite av til Franco-Spania, men det lukkast å få avsett so mykje av den til Regjerings-Spania og til Portugal so utførsla til heile den pyreneiske halvøya vart vel so stor i 1937 som i 1936. Med fisken frå i fjar har det soleis inga naud nett no. Men det tek alt til å bli spørsmål om å avtala forretningar for fisken som skal bli fanga i år. I den siste store kompensasjonsforretninga i Franco-Spania, frå november i fjar, var det med eit parti saltfisk frå Møre som skal verta levert no i februar som kjem.

Verre er det nett no med sume av dei varene vi hentar frå Spania. Hermetikkfabrikkane klagar seg jammerleg for dei ikkje kan få den olivenolja dei har bruk for til sin produksjon; den olja dei kan få ifrå andre land, er ikkje slik som dei er vande med - det er den spanske olja dei vil ha. Og den sinkmalmen som skal til fabrikken i Odda, går no helst til Tyskland i staden. Det er ikkje noko underleg om dei i Franco-Spania helst sender varene sine til dei landa som hjelper dei og som dei kan få krigstilfang ifrå. Men det går då ut over Noreg. Aller verst er det i so måte med skipsfarta. Norske skuter er so godt som trengt ut or vare-utførsla frå Franco-Spania, i staden har tyske båtar fått ein storpart av utførsels-fraktene, jamvel for varer til Noreg. Dette heng i hop med at Franco-regjeringa ikkje gjev løyve til å betala fraktene i fri valuta, men vil

betala med pesetas som berre kan bli tekne ut mot varekjøp i Spania. Dette kan dei tyske skipsreidarane gå med på for di dei har ein clearing-skipnad med Franco-Spania. Og engelske båtar kan få frakter for di dei har stelt det soleis at dei kan få fraktene sine betala i pund. Men heile den store norske skipsfarta på Spania har kome ned i null. Den "julebåten" som elles kvart år har kome heim ifrå Spania med full last av allslags julegodt og frukt, kom no sist med ein last på 5 - fem - tonn etter han hadde vore innom alle dei spanske hamnene frå sør til nord. Kunde regjeringa sjå roleg på alt dette?

Det er sume som har slege på at Noreg burde gjeva folkerettleg godkjenning til regjeringa i Franco-Spania. Eg trur ikkje det er mange ansvarlege folk i landet som vilde vera med på det. Det er alltid so si sak å godkjenna ei upprørsregjering, og kva ein so vil segja om den gamle spanske regjeringa, so satt ho då der på fullt lovleg grunn, med folkevalt fleirtal i cortes bak seg. Eit land som held på demokratisk styring, kan ikkje lett flytja godkjenninga si over frå slik ei regjering til den som har reist makta si på eit opprør. Dessutan er det berrsynt nok at om Noreg vilde taka slikt eit steg, so gjekk det med det same over i ei statsgruppe med ein reint serskild ideologi: diktaturstatane. Endå i dag er det so godt som berre slike statar som har gjeve godkjenning til Franco-Spania - ikkje ein einaste sant demokratisk stat. Det vilde vekkja ei undring som ikkje vilde vera gledeleg for oss, om Noreg tok romet sitt atmed diktaturstatane.

No er det sume demokratiske statar som likevel har kome i samkvem med Franco-regjeringa for handelsformål. Nederland var kanskje den fyrste staten som sende handelsutsending til general Franco, og sidan har bl.a. Sveits gjort like eins. Men aller mest la folk merke til at den britiske regjeringa no i haust beint fram gjorde ein avtale med Franco om slike handelsutsendingar. Det kunde kanskje vera tvilsomt om ikkje Stor-Britannia dermed gjorde eit steg på vegen til formeleg godkjenning; det har likevel den britiske regjeringa sjølv nekta for. I alle høve var dette fyredømet noko fårleg, so det vilde ikkje vera rådeleg å fylgja same vegen.

Då spørsmålet vart dryft i Utanrikskomiteen no i dei siste dagane i november, sa eg til slutt i ordskiftet at eg hadde i tankane ein framgangsmåte med former som ikkje gav burt noko av dei politiske prinsippa våre, men som likevel kunde gjeva handelen og skipsfarta vår det vernet som dei hadde naturleg krav på. Eg sa ikkje den gongen kva det var eg hadde i tankane. Men i dei næste dagane forma eg det nærrare ut, først for departementet mitt, so for Regjeringa, og på båe stadene fekk eg samtykke for at dette vilde vera ei god løysing. Det som det gjekk ut på, var i grunnen so einfelt som Columbus' egg. Eg meinte at vi fekk gjeva ein av dei honorære konsulane våre innanfor Franco-Spania i ombod å verja handelen og skipsfarta vår, og for dette formålet måtte då han få fullmakt frå den norske regjeringa til å tinga med myndigheitene i Franco-Spania om kompensasjons-forretningar og om innførselsfrakter for norske båtar. Desse konsulane var då i fyrevegen der på staden, og ombodet deira var just slikt eit verjemål; skilnaden var berre at dei no skulde få koma i regelrett samkvem med dei styringsmaktene som rådde der dei satt. Eg strekar under at her

er det ikkje spørsmål om noko slag diplomatisk samkvem eller noko folkerettleg godkjenning som kunde fylgja med det. Den spanske regjeringa i Barcelona blir framleis den einaste som vi soleis godkjenner, liksom det er den som framleis representerer Spania i Folke-Sambandet. Det som det gjeld om er ikkje anna eller meir enn vern for den handelen vi likevel har med Franco-Spania.

Regjeringa gjorde vedtak om å freista få denne skipnaden i stand i fyrstninga av desember. Sidan har eg halde på å fyrebu skipnaden; bl.a. har eg no nyst hatt heime til samråd her den konsulen eg hadde tenkt å nytta til ombodsmann for regjeringa, konsul Jentoft i Bilbao. Dessutan har eg dryft spørsmålet med eit par andre regjeringar, serleg den belgiske (som spurde seg fyre hos meg) og den svenske. Sverige held no på å fyrebu same framgangsmåten, dei har han dessutan uppe i Danmark og Belgia, og det er tanken at serleg Noreg og Sverige skal gå fram nokolunde jamsides i denne saka. Endå har vi ikkje kome so langt so vi har gjort noko tiltak til å koma i samkvem med styresmaktene i Franco-Spania, det er ymse ting som endå treng til dryfting og fyrebuing. Men eg har då vilja la Stortinget få kunnskap om korleis planane ligg.

Den fjorde og siste saka som eg har tenkt å segja nokre ord om i dag, er spørsmålet om konsulata våre i Sovjet- Samveldet. Dette spørsmålet kom reint uventande på oss no den 11 januar då vi fekk telegram frå legasjonen vår i Moskva om at Sovjet-regjeringa kravde at vi skulde leggja ned det norske generalkonsulatet i Leningrad; for ho vilde gjennomføre den regelen at inkje land skulde ha fleir konsulat i Sovjet-Samveldet enn dette hadde i det andre landet. Noreg skulde då få ha ein konsul i Arkangelsk i motsvar til den russiske generalagenten på Svalbard.

Denne samsvars-regelen har Sovjet-Samveldet fyrr sett i verk i tilhøvet til Tyskland, Italia og Japan, statar som Samveldet har mindre god venskap med, og folk flest hadde vel tenkt seg at det ikkje ville bli spørsmål om å taka han i bruk imot andre land. Forklaringa på at Sovjet-regjeringa no vilde gå lenger på same vegen, er gjeven i ein tale som vart halden no den 17 januar i det nyvalde "Høgste Rådet" for Samveldet av sjølv formannen i den nye utanrikskomiteen, Sjdanov, deputert frå Leningrad. Han sa at det fanst altfor mange framande konsular der i byen, og sume av dei, sa han, "går tydeleg utanfor råma av fullmaktene og pliktene sine, dei ber seg ulovleg med di at dei driv undergravingsarbeid imot det folket og det landet der dei har ombodet sitt." Det er då den evige redsla for samansverjingar og for spionering som ligg bak.

Vi har eit serskilt døme på dette i tilhøvet til Noreg. Og eg skal no her nemna ein ting som ikkje har kome fram før ålmenta, men som er teken upp i samanheng med konsulatkravet. Det er det at det russiske utanrikskommisariatet samstundes har kravt at vi skal kalla heim den konsulen vi har i Arkangelsk, Arnold Wicklund. Kravet vart grunngjeve med at det hadde kome ålvorlege klagemål imot han, so han var ikkje ynskverdig lenger. Men då sendemannen vår spurde kva det var klagene gjekk ut på, so fekk han ikkje anna svar enn at det galdt forbrot av same slaget som den tyske generalkonsulen Sommer var utvist for no siste hausten - den gongen var det tale om mordplanar og

sabotasje m.m., reint meiningslause ting. Det er ikkje lenger sidan enn i april i fjor at Sovjet-regjeringa gav godkjenninga si til konsul Wicklund, og vi har aldri fyrr høyrt anna enn godt om han. Men då Sovjet-myndighetene no i november som var, heldt på med ei av dei store uppreinskingane sine, då kom dei nær burt i konsul Wicklund. For millom alle dei som då vart sett fast, var dei to hushjelpene han hadde i tenesta si, dessutan ein bror til kona hans (ho er russisk), ei dame som var lengre ute i skyld med han, og so ein gamal ven i same garden. Dette kunde ikkje vera gjort for anna enn for sjikane mot konsulen, og vi har god greie på at det vart drive spionering imot han. Det er greitt nok at det blir ikkje mogleg å halda ein konsul som styremakttene i det framande landet ikkje vil vita av. Men det er likso sjølv sagt at vi kan ikkje gjeva han avskil utan vi får fullt upplyst kva for klager som blir reist imot han, og har fått høve til å granska desse klagene på rette måten. Dette har eg då òg gjeve instruks om til legasjonen vår i Moskva.

Men so kjem eg tilbake til kravet om å leggja ned generalkonsulatet i Leningrad. Det er ikkje berre Noreg som slike eit krav er reist imot. Det er samstundes teke upp imot Sverige, Stor-Britannia, Estland, Tsjekkoslovakia, Tyrkia, Iran og Afganistan. Men Noreg har - liksom Afganistan, og kanskje Sverige - den serstoda at det har ein traktat som gjev oss rett til å halda uppe dei konsulata vi på fyrehand har i Sovjet-Samveldet. I handelstraktaten vår med Samveldet frå 1925 står det i den fyrste artikelen at dei to partane gjev kvarandre rett til å setja konsular i alle dei byane og hamnene som andre statar har konsular i, og dette - står det - "i tillegg til dei konsulpostane som alt finst." Det er då ingen tvil om at dei konsulpostane som Noreg alt har i Sovjet-Samveldet, dei har vi etter traktaten rett til å ha framleis.

No er det dess verre so at Sovjet-regjeringa på eit punkt i praksis har tvinga oss burt ifrå denne retten. Då vi skulde ha den nye konsulen i Arkangelsk, vilde vi ha inn i godkenningsdokumentet for han eller for konsulen i Leningrad at Murmansk framleis skulde høyra til eit av desse konsulatområda, og i meir enn eit år striddest vi med Sovjet-regjeringa om dette; for ho vilde no setja Murmansk utanfor. Vi måtte til slutt gå med på at Murmansk ikkje kom med, for elles hadde vi ikkje fått konsulen i Arkangelsk godkjend. Men vi la fram eit høgtideleg motmåle og heldt fast på at retten hadde vi likevel etter traktaten frå 1925.

No vil då Sovjet-regjeringa driva oss til å gjeva avkall på endå meir av retten vår. Og vi kan ikkje dylja for oss sjølv at ho har makt-råder til å setja viljen sin igjenom. Eg vil ikkje heller la det vera unemnt at vi har fått mykje mindre bruk for konsulatet i Leningrad i dei siste åra enn vi hadde fyrr - dei norske skipsreidarane har funne meir lønsom fart for skutene sine på andre farvatn, og når det i 1932 kom 107 norske skuter til Leningrad, so hadde talet i 1935 og 1936 minka ned til 23 og 24. Dette kan koma til å bli annleis i år som kjem, og eg har ikkje tenkt at vi skulde bøygja undan so altfor lettvint; eg vil føra ein strid for retten vår. Heile det kravet som Sovjet-Samveldet har sett upp, om likskap i konsulpostar millom to og to land, er so urimeleg so det møter

